

Til kamp mot Tromsøpalmen!



No skal Tromsøpalmen bekjempast også i Uskedalen.

Dei siste åra har den såkalla Tromsøpalmen spreidd seg kring skulen i Uskedalen og no går Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedal Utvikling til kamp mot den aggressive planta. Safta er giftig og det vert brannsårl-liknande sår om ein får ho på hendene.

Det påpeikar Kjell Yri, som no har søkt om tilskot til kampen mot Tromsøpalmen - frå potten til spesielle miljøtiltak i landbruket. Han søker om 10.000 kroner og meiner at det vil gå med kring 50 dugnadstimar i denne kampen, Sprøytemidlar skal innkjøpast for 5.000 kroner. Målsettinga er både å nedkjempa "palmen" og hindra ytterlegare spreining. Prosjektet er planlagt ferdig hausten 2008.

Det er ikkje minst viktig å få bort planta frå den nyleg opparbeida badeplassen utanfor skulen. Også der har den fått stadig meir fotfeste i dei seinare åra. Ellers er den å finna ymse stader rundt skulen, til dømes også ved busslomma og idrettsplassen.

Tromsøpalmen (*Heracleum laciniatum*) formerar seg ved frøspredning og er på stadig frammarsj i landet. Den hindrar andre artar i å etablera seg og veks der den sjølv finn seg til rette. Den tek heilt overhand hvis den ikkje blir bekjempa effektivt. Etter kvart får den fotfeste langs kantane på dyrka mark, langs vegar og grøftkantar.

Det er lansert og prøvd ymse rådgjerder i kampen og erfaringane er forskjellige. Eit forsøk nordpå går ut på at det ikkje nyttast prøytemidlar, men at det er mogeleg å tynna den. Minst tre gongers slått over tre-fire månader har gjeve resultat, vert det opplyst på nettet.

Sjølv om planta er giftig har den også vore nytta som dyrefor og det er ikkje kjent at dyra har fått symptomar på forgifting. Næringsinnhaldet skal vera på linje med det i enggrasartane, men Tromsøpalmen inneheld stoff som gjev smaksfeil på mjølk.

Av Ola Matti Mathisen